



Heten dirrar over Beinavikjo, men det er ikkje meir enn 32,5 grader....

Høyre du til dei som ikkje held ut varme og tykkjer det er bortimot ulevelig når kvikksølvet smett over 30 pluss slik det skjer no om dagen? På Kråkhaugen i Uskedalen sit eit par som lever i langt høgare temperaturar til dagleg. Randi og Stewart Mackay har vore busett 3 år i Saudi-Arabia og 11 år i Dubai og har opplevd 53 grader kombinert med ein luftfuktigheit på 90-95 prosent ein gong. Varmen dei no opplever på heimleg grunn er difor relativt behageleg.

Men når dei skal beskriva temperaturen i Dubai om sommaren nyttar dei ordet UKONFORTABEL. Imidlertid er det noko som heiter air condition og som gjer det behageleg å leve sjølv i Dubai-varme. Temperaturen ligg då heile tida på 24 i heimen, bortsett frå at han i soverummet er 18 året rundt.

- Og vi er ikkje så mykje ute, presiserar Randi og Stewart. For det meste går dei frå eit lokale til eit anna som har air condition.

- Korleis er det med temperatur og luftfuktigheit i ørkenen?

- Ein skal nokså langt inn i ørkenen for å oppleve lågare luftfuktigheit.

- Og korleis er det med vinter-temperaturane?

- Frå oktober til april er det stort sett behagelege temperaturar

som kan variera mellom 35 og 15 med lågast temperatur i januar og februar.

Og hvis du vil oppleve tilnerma vinter, kan du jo ta en tur på ski i innomhusanlegget i Dubai.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen